

Austevoll – ut mot hav

Samfunnsdel til kommuneplanen 2013 – 2024



AUSTEVOLL – EIN KOMMUNE SOM LYKKAST

Austevoll-samfunnet er kjendt som eit samfunn som lykkast både innanfor næringsliv, kultur og kommunal drift. Dette er ein posisjon det er viktig å halde vedlike.

Ein kommune er på same måte som verksemder og organisasjonar avhengig av eit godt omdøme. Ein av Austevoll sin store styrer er at alle innbyggjarar er gode Austevoll-ambassadørar og sikrar vårt gode omdøme.

For kommuneorganisasjonen har det dei siste 10 åra vært viktig å formidle at me er ein JA-kommune overfor våre innbyggjarar og næringsliv. Eit skapande samfunn treng ein kommune som er på lag. Difor har mottoet JA-kommune vært viktig for å spreie optimisme og heia på dei som vil utvikle noko eller etablere seg.

Då førre samfunnsdel til kommuneplanen vart laga i 2003 var kommunen sitt fokus veldig å få orden på ein økonomi. 10 år etter er kommunen komt ut av ROBEG og kan no rette blikket framover med fokus på utvikling framfor bare å betale ned på gamal gjeld.

Difor er det kjekt for kommunestyret å vedta ein ny kommuneplan med blikket festa på 2024. Kommunen er no sterkare enn nokon sinne og kan saman med innbyggjarane og næringsliv verkeleg utvikle Austevoll framover. Det er når kommune, eldsjeler og næringsliv går i lag me lykkast best.

Samfunnsdelen er eit viktig dokument med mange målsettinger om viktige mål for Austevoll. Mitt mål er at kommunen kan vera med å ta nye steg for å vidareutvikle denne flotte kommunen.

Lykke til til oss alle med å arbeida i fellesskap for å nå desse måla for Austevoll fram til 2024.

Helge Andre Njåstad
ordførar
18. juni 2013





Våre verdier:

- I Austevoll er det lov å lykkast.
- Austevollingen leitar enn moglegheiter framfor hindringar.
- Austevoll er ein JA-kommune der alt som det ikkje er ein god grunn å sei nei til blir sagt ja til.
 - Austevollingane er engasjerte og handlekraftige

Austevoll kommune sitt slagord:

Austevoll – ut mot hav

Kommunevåpenet vart godkjent av kommunestyret 07.05.1984 og visar 4 sild på blå bakgrunn. Kommunevåpenet som symboliserer fiskeri symboliserer òg folkelynne til austevollingen som er kjend for å gripe moglegheitene og «kaste når fisken er der».

AUSTEVOLLSAMFUNNET MOT 2024

Samfunnsdelen til kommuneplanen peikar ut kursen for Austevoll-samfunnet i eit 12 års perspektiv. Samfunnsdelen er det viktigaste styringsdokumentet for Austevoll kommune.

Austevoll kommune sine hovudmål:


- Austevoll kommune skal vera ein vekstkommune med aukande folketal. I planperioden skal austevolling nr 5000 ynskast velkomen.
- Austevoll kommune skal vere ein attraktiv bustadkommune med gode oppvekstvilkår og eit rikt kultur- og aktivitetstilbod
- Austevoll kommune skal vera ein JA - kommune overfor innbyggjarar og næringsliv og yta god kommunal service og tenester.
- Austevoll kommune skal arbeide for at kommunikasjonane vert gode for næringsliv og busette. Det er eit mål å knyta Austevoll til fastlandet med fast vegforbindelse.
- Austevoll kommune skal vera den leiande maritime kommunen med fokus på styrking av fiskeri, havbruk og offshore næring samstundes med tilrettelegging og utvikling av nye næringar i Austevoll i eigne næringsområde.
- Austevoll kommune skal gje eit godt og tilpassa tenestetilbod til innbyggerane i alle livsfasar.

I arealdelen til kommuneplan har ein satsa på utvikling av bustadområde, næringsområde, samferdsel og område for offentleg verksemd. Arealdelen retter seg spesielt mot ein attraktiv og tilrettelagt bruk av strandsona til glede for næring, innbyggjarar og hyttefolk. Store delar av strandsona skal ikkje utbyggjast, og sikrar med det eit attraktivt friluftsliv og område for rekreasjon.

Austevoll kommune vil legge vekt på følgjande og peiker på desse satsingsområda :

- Bustadområder
- Næring og områder for næringsutvikling
- Austevoll fiskerihamn
- Sentrumsutvikling Storebø og Bekkjarvik
- Strandsona
- Folkehelse og friluftsliv
- Bulyst og trivselstiltak
- Helse og omsorg
- Skule og oppvekst
- Samferdsle

SATSINGSOMRÅDE – BUSTADOMRÅDER OG BUSTADBYGGING



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal ha ulike typar bustader og nok bustader til å dekke behov og forventna folketalsvekst. Austevoll satsar også på kunnskapsutvikling, kompetanseheving og betre løysingar for auka bustadetablering i kommunen. Austevoll kommune ynskjer å byggje bustader for helsearbeidarar.

Utfordringar:

- Leggja til rette og stadfeste bustadområde i kommuneplanen si arealdel
- Ha med private utbyggjarar i heile prosessen frå planlegging til utbygging.
- Legge til rette for rimelege bustader for unge og nyetablerarar

Strategiar:

- Austevoll kommune skal gjennom planlegging og i samarbeid med private utbyggings- og planleggingsaktørar leggja til rette for meir variert bustadstruktur i Austevoll. Ein skal både fortette sentrum, men ha moglegheit til spreidd bustadbygging på øyane. Kommuneplanen sin arealdel skal vise områder for bustadbygging. Austevoll kommune ynskjer å vera ein vekstkommune og legg opp til 100 bueiningar årleg i planperioden.
- Det må setjast fokus på rimelege bustader til nyetablerarar og bustader for eldre i samarbeide med entreprenørar, bustadprodusentar og finansieringsordningar.
- Austevoll har mange innbyggjarar som ynskjer for ein kortare periode å ha fast bopel i ein fritidsbustad. Kommunen er positiv til dette der det høver.
- Det er behov for fleire hyblar i Austevoll både til skuleelevar og arbeidarar.

For å nå målsettingane skal det arbeidast med følgjande:


Tiltak:	Tidspunkt:	Aktører
Oppdatert informasjon på www.austevoll.kommune.no om ledige tomtar.	Fortløpande	Kommunen Private Næringsliv
Regulere inn fleire typar bustader.	I planprosessar	Kommunen Private Næringsliv
Rimelege etableringsbustader og bustader for eldre nær kommunikasjonsknutepunkt og off. og private tenester	Fortløpande	Kommunen Private Næringsliv
Kjøpe uutnytt areal frå private grunneigarar	Ved behov	Austevoll utbyggingselskap AS
Skaffe rimelege bustader for yngre etablerarar	fortløpande	Kommunen Private Bedrifter som treng arbeidskraft
Tillate at folk mellombels bruker godkjente fritidsbustader til bustad.	Fortløpande	Kommunen



Leilighetsbygg på Storebø

NÆRING OG OMRÅDER FOR NÆRINGSUTVIKLING

Kommunen har ein høg verdiskaping pr innbyggjar. Tabellen nedanfor synar at Austevoll ligg langt over landsgjennomsnittet og andre land me kan samanlikna oss med. Tett samarbeide med næringslivet er ein føresetnad for å kunne levere gode, eigna områder for bedriftsetableringar og utviding av eksisterande verksemder. Kommunen vil også vera ein positiv aktør når nye aktørar vil etablere seg i Austevoll, saman med etablering av inkubator-kontor der slike kan få starthjelp. Dette er arbeid som vil ha prioritet i åra som kjem.



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal framleis vera den leiande maritime kommunen, men og leggja til rette for nyskaping og nye næringar.

Utfordringar:

- Samferdsle, kommunen er ikkje landsfast
- Arbeide for nye verksemder som vil etablere seg i Austevoll
- Austevoll skal vera ein leiande kommune innafor havbruk
- Ta vare på det gode landbruket

Strategiar:

- Austevoll kommune skal engasjere seg for auka ferjefrekvens og arbeida for fastlandsforbindelse
- Kommunen skal yte gode tenester for å leggje til rette for verdiskaping og aktivitet.
- Vere positiv ambassadør for Austevoll-samfunnet både lokalt og globalt
- Vera proaktiv i forhold til ny-etableringar, nye næringar
- Sikre god kontakt med havbruksnæringa for vidare positiv utvikling av næringa
- Støtte opp om endringane i landbruket som er berekraftig og er produktiv

Tiltak:	Tidspunkt:	Aktører
Stimulere til utbygging innafor fastsett næringsområde i kommunen sin arealdel	Fortløpande	Austevoll utbyggingselskap AS
LNG gass til Austevoll	Ved behov	Kommunen Næringsliv
Visningskonsesjon til havbruk	Fortløpande	Kommunen Private Næringsliv
Etablere grundermiljø gjennom eigen inkubator	Ved behov	Kommunen Austevoll utbyggingselskap AS Austevoll Næringsråd.
Utdeling grunderprisen til verksemder som skaper arbeidsplassar og innovasjon	Årleg	Kommunen Austevoll Næringsråd.
Etablere møteplass for grundere og næringsliv, ta godt imot nyetableringer	2012	Kommunen i samarbeide med næringsråd og utbyggingselskap
Utvikle næringsområder på kort og lang sikt som Haukanes, Hufthamar (Trælsøyområdet), Porsdalen, Fiskerihamnområdet som nokon dømer.	Fortløpande	Kommunen Austevoll utbyggingselskap AS Private



Austevoll kommune

Slik skal me fortsatt behelde posisjonen som ledande innanfor maritime næringer:



Til maritim utdanning på "Fiskerfagskulen i Austevoll"

Frå maritime barnehagar...



SATSINGSOMRÅDE - AUSTEVOLL FISKERIHAMN



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal realisera fiskerihamnprosjektet Austevoll fiskerihamn i området Rabben – Salthella for å leggje til rette for nye bedriftsetableringar, trygge eksisterande arbeidsplassar og samla servicetilbodet til fiskeriflåten på ein stad. Kystverket vil byggja molo kring hamna for å sikre mot sjø og vind.

Utfordringar:

- Nasjonal transportplan
- Reguleringsplan godkjend i 2012
- Godkjenning av prosjektet i Kystverket og departementet i 2012
- Etablere ei hamn som er positiv for næringsaktørane og utan sjenanse for bustadområda kring hamna.

Strategiar:

- Arbeide opp mot sentrale myndigheiter
- Tett samarbeide med Kystverket lokalt, plankonsulent og lokalt næringsliv og innbyggjarane for å ferdigstille reguleringsplanen i 2012
- Aktivt salsarbeid for å få med aktive næringsaktørar, rederi og landbaserte, til forretningsverksemd i hamneområdet

Tiltak:	Tidspunkt:	Aktører:
Arbeid med reguleringsplanen	2012	Kystverket, kommunen, grunneigarar, næringslivet
Løpande kontakt med kyst- og fiskeridepartementet.	2012	Kystverket og kommunen
Salsarbeid mot nye og gamle aktører i det maritime markedet	2012-1013	Kystverket og kommunen, lokalt næringsliv



SENTRUMSUTVIKLING STOREBØ OG BEKKJARVIK



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal vera ein attraktiv bukommune med gode fritidstilbod for alle alder. Kommunen vil satse på vidareutvikling av Storebø som handels- og kommunesenter, og Bekkjarvik som handels- og turist senter.

Utfordringar:

- Utvikling av Storebø som handelssenter og utnytting av sjølinja
- Fleire tilbod innafor handel og tenester.
- Bygge fleire bustader og større mangfald innafor bustadsektoren
- Utvikle Bekkjarvik vidare innafor handel og turistsektoren
- Sikre eit godt visuelt uttrykk i bygningsmassen
- Det er trong for fleire parkeringsplassar
- Utvikle stadene til kystbyar
- Sikre fleire vegar til og frå tettstadane gjennom planlegging

Strategiar:

- Kartlegge behov hos næringslivet og sikre areal til desse
- Påverke utbyggjarar til å bygge fleire sentrumsnære bustader for eldre og omsorgsbustader
- Skape gode møteplassar innomhus og utomhus
- Parkering for handel og bustader bør i større grad skje under bakken.
- I tettstadane våre skal handel, service og bustad kombinerast i større grad enn i dag.
- For Storebø er det spesielt viktig å få utvikla området i Gråsidalen / Prestaneset med sentrumsfunksjonar.
- Utvikle Bekkjarvik som cruisedestinasjon for mindre farty.

Tiltak:	Tidspunkt:	Ansvarleg:
Sikre areal for møteplassar i reguleringsplanar	kontinuerleg	Utbygger og kommunen
Parkering bør i større grad kome under bakenivå når ny utbygging vert planlagt	kontinuerleg	Utbygger og kommunen
Halde ein god byggeskikk i hevd der nybygg vert tilpassa eksist.miljø	kontinuerleg	Utbygger og kommunen
Utvikle Storebø sin sjøfront (Prestaneset-området)	Omgåande	Private
Utvikle Bekkjarvik til cruisedestinasjon	Omgåande	Kommunen, reiselivslaget og private



STRANDSONA

Austevoll kommune sitt mål:

Strandsona er eit av Austevoll sine fortrinn både for verdiskaping, rekreasjon og trivsel. Kommunen sitt mål er å bruke strandsona aktivt for sikra vidare verdiskaping, samt trivsel for austevollingane gjennom å sikre tilgong til naust, båtplassar og friluftsområde.

Strandsona er kartlagt. Tilgjengeleg strandsoner er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil sei at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normalt opphald. Kartlegginga har vist at om lag 60,5 % av strandsona er utan tekniske inngrep og med tilgjengeleg topografi.

Utfordringar:

- Eit lov- og regelverk som avgrensar kommunen sitt handlingsrom i strandsona

Strategiar:

- Aktiv deltaking i samarbeidsprosjektet "Strandsonestrategi for Sunnhordland" Kommunen deltek i prosjektet saman med 8 andre kommunar i Sunnhordland og Midthordland. Føremålet med prosjektet er å få større sjølvråderett lokalt i strandsonopolitikken, kunne foreta fortetting i utbygde område, bruke strandsona aktivt for å sikra busetjing og næringsliv og for å sikra urørt og eigna strandsoner for allmenta og friluftsliv. Det er under arbeid no ein plan for strandsona i Sunnhordland. Kommunen vil følgje dette arbeidet aktivt.
- Aktiv deltaking i prosjektet "Ny næring i gamle bygg i Strandsona" Prosjektet er eit samarbeide mellom Bømlo, Austevoll, Sund og Radøy kommunar. Fylkesmannen sin landbruksavdeling er også aktivt med. Eit viktig ledd i vår kystkultur er dei mange gamle sjøhusa som har hatt si naturlege plass ved sjøen fordi sjøen var nærings- og samferdsleveggen. Desse bygga i strandsona omfattar både handels- og gjestgjevarstadar, naust og båtoppdrag, sjøbuer, noheng, salteri, ulike verkstader, båtbyggeri, smier, butikkar, meieri, lager og kaiar. Desse viste eit viktig nærings- og produksjonsmiljø ytst ved kysten og dei var svært viktige for både fiskarbonden ute ved kysten og for handelsmannen i byen. Mange av bygga har stått til forfalls i lengre tid og for å kunne ta vare på dei må noko gjerast snart. Målet med prosjektet er å finne gode løysingar for ny, lovleg bruk av bygga. Prosjektet vil halde fram i vår neste planperiode og bør føre til ei ny bruk av dei gamle og nyare bygga i strandsona.
- Arbeide for eit godt samarbeid med overordna statlege styringsorgan.

Tiltak:	Tidspunkt:	Aktører
Sette av tilstrekkeleg areal for å sikre tilgang til sjø, naustområder, næring og friluftsområde.	I kommuneplanen Fortløpande	Kommunen
Delta i fullføring av prosjektet "Strandsonestrategi for Sunnhordland"	2012-2013	Kommunen
Delta vidare i prosjektet "ny næring i gamle bygg i strandsona".	2012-2013	Kommunen og piloter



FOLKEHELSE OG FRILUFTSLIV



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune har dei siste åra arbeidd aktivt innafør folkehelse, og søker stadig å samordne tiltaka og ressursane. Dette gjerast også gjennom deltaking i nettverket som er etablert i Hordaland fylke. I "Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv", går det fram at folkehelse vil ha høg prioritet i tida framover. Det viktigaste er verdien av å ha sunne, friske innbyggjarar.

Utfordringar:

- Fleire prosjekt krev midlar og frivillig innsats frå lokalbefolkninga. Austevoll kommune sender søknader til ulike organ om midlar til både skilt og graderingsprosjekt, trivselsprogram og overvektsprosjekt.

Strategiar:

- Det er skapt eit nettverk rundt dei frivillige laga ved at kommunen samla laga til møte i 2011. Dette resulterte i ei stor fritidsmesse. Det er viktig at laga får vise seg fram for lokalbefolkninga for betre rekruttering inn i dei ulike laga og for motivasjon til å fortsetje.
- Kring turløypeprosjektet er det danna dugnadsgrupper rundt nesten alle dei ulike turane. Dette vil fortsette. Folkehelsekoordinator vil koordinere arbeidet mellom samarbeidspartnarar i laga og søkje midlar og invitere til møter for samarbeid og informasjon.

Tiltak:	Tidspunkt:	Ansvarleg:
Tilretteleggje fleire friluftsområde gjennom statleg sikring og tilrettelegging	Heile tida	Austevoll kommune i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd, Hordaland fylkeskommune og Direktoratet for naturforvaltning
Sikre eigna turstiger/ turområde i kommunen for allmenn bruk	Kommuneplanen og i reguleringsplanar	Kommunen
Arbeide aktivt for å setje i stand turløyper og utvikle nye	kontinuerleg	Kommunen, idrettslag og Austevoll turlag
Søkje etter eksterne midlar for ulike helsetiltak	kontinuerleg	Kommunen og interesserte lag



BULYST- OG TRIVSELSTILTAK

Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal vera ein attraktiv bukommune med gode fritids- og kulturtilbod for alle.

Utfordringar:

- Sikre deltaking frå alle lag i befolkninga
- Sikre kontinuerleg produksjon av fritids- og kulturtilbod

Strategiar:

- Austevoll kommune har utarbeida ein eigen idrettsplan
- Samarbeide med ulike lag og organ for trivseltiltak
- Samarbeide med private aktørar innafor kulturområde
- Søke eksterne organ for ny kompetanse og midlar til bulyst-tiltak
- Samarbeide med Distriktssenteret og KRD departementet



Tiltak:	Tidspunkt:	Ansvarleg:
Etablere «Austevollfondet til kultur» i samarbeid med private	Når økonomien tillett det.	Austevoll kommune og andre interesserte samarbeidspartnarar.
Etablere kulturhus i beståande bygg som blir øyremerkt kultur	Når økonomien tillett det.	Kommunen Private
Inkludere og involvere tilflyttarar til Austevoll.	Heile tida	Austevoll kommune
Søke om fortsatt deltaking i livOglyst-prosjektet	2012-	Austevoll kommune og andre private aktørar
Søke ulike departementar om midler til bulyst- og kulturtiltak	fortløpande	Kommunen og private lag
Stimulere frivillige lag til kontinuerleg arbeid	Heile tida	Kommunen og private lag
Betre badetilbod gjennom etablering av større basseng i kommunen	Fortløpande og når økonomien tillett den	Kommunen, idrettslag og private

Kulturområdet.

Austevoll kommune ønskjer at kommunen sine lag og organisasjonar får rom for vidare utvikling innafor alle felt. Aktivitetane i dag spenner over mange område innafor song, musikk, drama, korps, konserter av ymse slag og biletkunst. Tilboda går til alle aldersgrupper og det er eit mål at aktivitetane kan halde ved lag og gje nye grupper høve til å bidra.

Idretten.

Austevoll er eit aktivt samfunn med tilbod til mange innafor sommar- og vinteridretter. Mykje går føre seg i hallar mens andre kan virke utandørs med sport og idrett både på sjø og land. Laga driv godt og er samstundes eit viktig bidrag til folkehelsa til spesielt barn og unge. Det er eit mål å halde aktiviteten oppe og gjerne utvikle tilboda innafor andre område som i dag ikkje er tilstades.

HELSE OG OMSORG



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal yte gode helse og omsorgstenester for alle som oppheld seg i kommunen. Barnevernet bør organiserast i interkommunalt føretak.

Utfordringar:

- Samhandlingsreforma
- Oppbygging og sentralisering av nye behandlingstilbod
- Rekruttering av arbeidskraft og ny kompetanse
- Utbygging av omsorgsbustadar og bustader for vanskelegstilte
- Leiarutvikling
- Austevoll kommune ynskjer å byggje bustader for helsearbeidarar

Strategiar:

- Samhandling med andre kommunar og private aktørar
- Styrka tverrfagleg samarbeid og leggje til rette for koordinerte tenester for innbyggjarane
- Barnevernet bør organiserast i interkommunalt foretak

Tiltak:	Tidspunkt:	Aktører
Etablering av Helseservicekontor	2013	Kommunen
Oppbygging av lokal medisinsk senter og nye behandlingstilbud på Storebø.	Når økonomien tillet det	Kommunen
Oppbygging av rehabilitering/habiliteringseining	Fortløpande	Kommunen Privat næringsliv
Rekruttering til helsesektoren	Fortløpande	Kommunen Opplæringskontoret Utdanningsinstitusjonar
Bygge fleire omsorgsbustader og bustader for vanskelegstilte	Fortløpande	Kommunen

Kommunen legg vekt på verdien av dagleg fysisk aktivitet gjennom å stimulere til bruk av turvegar og trimtilbodet som er i kommunen frå lag og organisasjonar. Det er difor viktig å finne plass til lokale turvegar i nye bustadfelt slik at dagleg mosjon kan gjerast i eige nabolag.

SKULE OG OPPVEKST



Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal ha ein skule med god kvalitet og innhald. Kystkulturen og kommunen sin maritime ståstad skal vera tydelege i elevane sin skule- og barnehagekvardag. Samarbeid med næringsliv og friviljuge lag er viktig.

Læring og meistring skal gi elevane gode dugleikar i basisfaga. Kommunen vil gjerne ha unge som startar og fullfører høgare utdanning og bidreg i samfunnsutviklinga med ny og etterspurt kunnskap. Det er eit mål at alle skular og barnehagebygg skal vera godkjent etter gjeldande regelverk.

Utfordringar:

- Skulestruktur
- Sikre rekruttering
- Ny kompetanse i skulen
- Auka resultatkrav
- Integrering
- Sikra full barnehagedekning

Strategiar:

- Planlegginga av barneskular nord i kommunen

- Leiarutvikling
- Gode læringsmiljø for den enkelte elev
- Kompetanseheving

Tiltak:	Tidspunkt:	Aktørar
Setje skulebygga i god helsevern godkjent stand	Fortløpande	Kommunen
Gjennomføre og rullere planen "Austevollskulen 2011 – 2020 Kvalitet og utvikling"	Forløpande Rullering kvart 4 år.	Kommunen
Overordna plan mot mobbing 0- 20 år	2012	Kommunen
Full barnehagedekning	Fortløpande	Kommunen Privat næringsliv

SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

Austevoll kommune sitt mål:

Austevoll kommune skal ha kommunikasjonsløysingar som er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov. Austevoll kommune ynskjer ein felles busstakst i heile kommunen.

Utfordringar:

- Å få aksept for at ein øykommune skal ha like gode vilkår for veg og transport som resten av landet
- Store behov og små løyvingar
- Sikre gode vegar, sykkel og gangstiar
- God mobildekning i heile kommunen
- Sikre gode bussamband til Bergen

Strategiar:

- Gratis ferje og auka frekvens på ferjesambanda.
- Nytt ferjemateriell ved neste anbodsperiode.
- Fastlandsforbindelse
- Syte for gode, og godkjende reguleringsplanar
- Arbeide for nye gang- og sykkelveggar mellom bustadfelt og skuler
- Arbeide aktiv mot fylkeskommunen for å styrkje lokale bussamband og direkte busser til Bergen
- Arbeida for å etablere helikopterrute mellom Kvinherad, Bømlo, Stord, Austevoll og Flesland.
- Austevoll kommune ynskjer ein felles busstakst i heile kommunen



Tiltak	Tidspunkt	Aktørar
Arbeide aktivt inn mot sentrale styringsmaktar	Fortløpande	Kommunen Næringsliv
Fastlandsforbindelse	Fortløpande	Kommunen Næringsliv
Auka frekvens i snøggått og ferje avgangar	Fortløpande	Kommunen Næringsliv
Lokale samferdselstiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Torangsvågsbrua - Bjellandsveg - 2 felt over Storebø - Busslommer ved skulane - Sykkel og gangstiar - Generell trafikktrygleikstiltak. 	Fortløpande	Kommunen Næringsliv Private
Utbygging av mobilnett	2012	Kommune Fylkeskommunen Næringsliv
Merksemd på gang- og sykkelveggar under reguleringsplan arbeide.	Heile tida	Kommunen og planleggjarar
Oppretthalde direktebussen til Bergen	Kontinuerleg	Kommunen
Arbeide for fleire lokale bussavganger	kontinuerleg	Kommunen
Arbeida for å etablere helikopterrute mellom Kvinherad, Bømlø, Stord, Austevoll og Flesland.		